

UT PÅ TUR

Torgeir T. Garmo:

MOT VEST FRÅ TROLLSTIGEN

Sjølv i eit stort land som vårt har det etter lange tiår tørka inn med kjende mineralforekomster å besøkje. For å halde koken som samlar er det naudsynt med nye utfordringar, og etter kvart har jakta på nye forekomster vorte vel så viktig som å grava seg ned enda ein gong på dei gamle, velkjende.

Svært få mineralforekomster er etter gamalt kjende i Den vestnorske gneisregionen, og dei fleste samlarar har derfor funne seg andre område å leite i. På eldre geologiske oversiktskart blir landsdelen framstilt som eit einsfarga guloransje område, dvs. høgmetamorfe gneisar av prekambrisk alder. Etter kvart som NGU's 250000-serie har vorte publisert, har biletet vorte meire differensiert. På (dei få !) berggrunnskart i 1:50000 som er ferdige har gneisane vorte splitta opp og små felt av anothosittar, eklogittar og til og med kalksteinar har kome på plass.

Etter kvart har Vestlandet vorte ein spennande landsdel å leite i !

Eg har dei siste åra brukt dei geologiske karta flittig og funne ei rekkje spennande mineral- og bergartsforekomster, serleg i samanheng med eklogittar i Fjordanekomplekset. Ein av desse ligg rett vest for den kjende turistvegen over Trollstigen, eg gjekk fyrste gongen opp her saman med Johannes Vik Seljebotn i september 04.

Området er dekt av NGU's 250000-kart Ålesund der vegar ikkje er lagde inn, og det finst dessverre ikkje berggrunnskart på 1:50000. Området er dekt på kartblad nr. 1319 IV frå Statens Kartverk.

Riksveg 63 fylgjer vestsida av dalen og kryssar vel 1km sør for Stigrøra (turistanlegga på toppen av Trollstigen) ein vassrik bekk som kjem ned den bratte lia frå fleire småbrear under Finnan litt S for dei kjende toppane Kongen og Bispen.

Alt på øyrene ut mot Alnesvatnet (744 moh.) er det rikeleg med eklogitt å finne, og berre eit par hundre meter oppover spyler bekken over det fyrste eklogittfeltet. Den neste kilometeren byd på tung stigning heilt opp til brekanten på om lag 1250 moh, men her finst spennande blotningar og lausblokker av mange slags høgmetamorfe bergartar, fyrst og fremst eklogittar med stundom



store, skarpe granatar med eller utan omvandling-
soner, amfibolittar, anorthosittar og pegmatittar. Oppe
på brotet har breen feigd eit eklogittfelt på meir enn
100 x 250m reint for lausmasser, her kan ein studere:

- intrusive kvartsgangar med og utan sulfidar og
druserom,
- ei større knusingsone med kalifeltspat og epidot
- eit enormt druserom i eklogitten med mikrodruser
med magnetitt/pyroksen
- smale gangar i eklogitten med stilbitt og vakker
scolezitt
- ein m-breie pegmatittgang som trengjer inn i
eklogitten

I linser i eklogitten fann vi forutan granat (pyrop?)-

krystallar av rutil, titanitt og omfacitt, og det er rime-
leg å tru at nærare analyser av denne høgmetamorfe
bergarten kan avsløre ei rekkje spennande mineral i
og nær alle bergartsgrenser.

Det må også takast med at geomorfologien (over-
flateformene/landskapsformer) i dette området er
minst like spennande som bergartane med fenomen
som *dalende, brerandsoner, kvasskantar osv.*

Konklusjon: Altså ikkje noko nytt krystalleldo-
rado, men ein av dei mest spennande og lærerike
lokalitetar eg har sett når det gjeld bergartar og
landskapsformer.